

Frist: 24. april
Sendes til: postmottak@kmd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KMD
Fra: Tingvoll Kommune
Dato: 24.04.14

Kommune:	Tingvoll kommune
Prosjektnavn:	Innomind-outatown Innovasjonskraft i periferien
Prosjektleder:	Olaug Haugen, rådmann
Leder i styringsgruppen:	Peder Aasprang, ordfører
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Eivind Vartdal Ryste
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) <input checked="" type="checkbox"/> Styringsgruppe b) Forankring i befolkningen c) <input checked="" type="checkbox"/> Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Effektmåla i prosjektet er:</p> <p>Effektmål: Vi aukar verdiskapinga i Tingvoll gjennom å utvikle noko særlege eller vidareutviklar vår styrke. Vi fornyar møteplassane mellom folk og har initiativ og kunnskap til å utløyse nye idear som skapar arbeidsplassar.</p> <ul style="list-style-type: none">• Etnisk entreprenørskap• Alfa og omega – i begynnelsen var ordet.• Bittelitteraturhuset <p>Effektmål: Tingvoll er ein foretrekt kommune for ungdom. Vi tiltrekkjer oss ungdom lokalt og frå heile regionen som er opptatt av miljø og kunnskap om internasjonale forhold.</p> <ul style="list-style-type: none">• VGS i 200• Bli treffsikker !• Ungt demokrati – stemmer ! <p>Rapportering våren 2014:</p> <p>Tingvoll kommune fekk tilsagn frå KRD om kr 1650 000 i nasjonal støtte til vårt bolystprosjekt sommaren 2013. I september løyvde Møre og Romsdal fylkeskommune kr 700 000 til samme prosjekt. Tingvoll kommune er svært takksam for denne nasjonale og regionale støtta til</p>

vårt utviklingsarbeid.

Prosjektet har ei planlagt tidsramme på 2,5 år, med oppstart hausten 2013.

Hausten 2013 har vi jobba med å organisere prosjektet.

Formannskapet vedtok i september oppretting av styringsgruppe. Denne er samansett av partnerane prosjektet har lokalt. Lokale institusjoner er representert på toppleiarnivå, og kommunen er representert tverrfagleg på leiarnivå. Leiar for styringsgruppa er ordførar. Styringsgruppa har hatt 3 møter.

I septmeber lyste kommune ut etter prosjektleiar for bolystprosjektet. Vi fekk kvalifiserte søkjarar men pga av endring i bemanning i ledelsen av kommunen vart den eksterne prosessen stoppa. Dette har ført til at kommunen ikkje har klart å tilsette prosjektleiar enda, noko som forsinkar prosjektet. Rådmannen har oppfølgingsansvar overfor styringsgruppa, og i styringsgruppemøte 25.4 vil styringsgruppa sjå på ein ny modell for organisering av prosjektet, med kjøp av ekstern kompetanse til ledelse i 2014. Vi vil kombinere dette med frikjøp av prosjektressurser ute i virksomheter som er direkte berørt av endringane prosjektet skal genrere. Ein slik desentralisert oppgave- og ressursmodell gir stor nyskapingskraft og brei involvering.

Styringsgruppa har revidert vektninga mellom delprosjekta i prosjektet og ”Vokse” har ca 70 % av prosjektet og ”Skape” har ca 30 % av prosjektet. Dette vil gjenspegle seg i økonomisk fordeling og tidsressursar i prosjektet.

”Vokse”

Styringsgruppa har vore opptatt av at prosjektet må igangsette dei viktigaste arbeidsoppgåvene i prosjektet. og i februar 2014 gjorde prosjektet si første store delbevilgning til utviklingsprosjekt ”Tingvoll VGS i 200”. Prosjektet er leia av Tingvoll Næringsforum i samarbeid med Undine AS. Prosjektet skal i samarbeid med Tingvoll vidaregåande skole fornye og utvikle fagsamansetningen ved skolen og auka rekrutteringskrafta til 175 elevar innan 2017. Prosjektet er igang, og konkrete forslag til fornying er planlagt. Fokuset er å rekruttere til eksisterande utdanningstilbod på skolen, fornye fagutviklinga i samarbeid med Bioforsk økologisk, sikre lærlingeplassar til yrkesfagutdanninga gjennom samarbeid med partneskapsbedrifter og kommunen, og fremme regional rekruttering til skolen.

Kommunestyret i Tingvoll vedtok i april 2014 ny samfunnsdel for kommuneplan. Av 4 innsatsområder i planen er eitt av disse ”Å vera ein foretrekt kommune av ungdom”. Bolystsatsinga ”Vokse” er ein viktig del av strategien for å fremme bolyst blant ungdom, og vi har forankra prosjektet i kommunale planar på denne måten.

Ungdomsrådet i Tingvoll er involvert i arbeidet med å konkretisere ungdomssatsinga. Innomind – outatown har vore behandla to ganger i ungdomsrådet i 2014. Ungdomsrådet har også ført dialog med elevråd.

	<p>Internasjonalisering er ein viktig del av vårt prosjekt. I 2013 gjennomført vi ei ungdomsutveksling til Portugal i regi av "Aktiv Ungdom". Ungdom fra fleire kommunar på Nordmøre deltok også i utvekslinga, og fra Tingvoll deltok tre ungdommar i tillegg til kulturkonsulenten som sekretær for ungdomsrådet. Averøy kommune, som er ein nabokommune til Tingvoll, har lengre erfaring med internasjonale ungdomsprosjekt. Vi vurderer å samarbeide mer med denne kommunen i vårt arbeid.</p> <p><u>"Skape"</u></p> <p>Styringsgruppa har vedtatt at delprosjekta " Bittelitteraturhuset" og " Alfa og Omega" skal slås sammen. Det er ønskelig at biblioteket kan ha ei viktig rolle i etableringa av delprosjekta. Dette er no til utredning og konkretisering.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Prosjektet er i ferd med å komme i god dialog med målgruppene. Vi har så langt prioritert å ha dialog med institusjonae i lokalsamfunnet som har aktørrolle i prosjektet. Vi har så langt hatt minst dialog med minoritetsmiljøa i kommunen, men dette vil bli styrka i løpet av høsten 2014.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Vi viser til beskrivelsar i punktet ovanfor.</p>
<p>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</p>	<p>a) Følger opprinnelig plan b) X Forsinket pga. mangel på prosjektleder. c) X Det er foretatt følgende justering. Vi ber om å forlenge prosjektet med ett år, ut 2016, innan tildelt økonomiske ramme. Vi har vore i dialog med fylkeskommunen om dette og dei aksepterer ein forlenga prosjektperiode.</p>
<p>Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)</p>	<p>a) X Helt lokal effekt b) X Effekten kommer innen flere kommune i regionen. c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant</p>
<p>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)</p>	<p>Metoden i prosjektet er kjenneteikna av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Styringsgruppe med sentrale aktørar frå viktige lokale institusjonar - Prosjektledelse for å sikre stabil og dagleg drift og framdrift i prosjektet. Partnerar som får større økonomiske virkemiddel blir deltakarar i prosjektgruppe - Desentralisering av økonomiske virkemiddel til institusjonar i lokalsamfunnet eller kommunale virksomheter der endringa

	<p>faktisk skal foregå. Målretta bruk av økonomiske virkemiddel til evt. frikjøp. Gjennom desentralisering av virkemiddel vil ein oppnå medansvar, nyskaping og forankring av arbeid og resultat av prosjektet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Større delprosjekt kan få støtte fra bolyst, og gjerne som delfinansiering. - Å kommunisere ut innhold og effekt av prosjektet. Bygge stolthet og omdømme rundt resultat. - Mediadekning.
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	Prosjektet kan ha stor overføringsverdi til andre lokalsamfunn med ungdom og innvandarar som målgruppe. Prosjektet er konkret og har slik mulighet for gjennomføring og etterprøvbare resultat.
Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet	Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet? Pga av mangel på prosjektleiar har kommunen ikkje deltatt på eksterne samlingar enda. Første eksterne samling vil bli 14 og 15 mai 2014. i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune.
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	Vi har ikkje nytta økonomiske ressursar fra prosjektet enda. Så langt har vi ført arbeid som ”eige arbeid” i prosjektet. Ei tildeling er gjort til delprosjekt på kr 300 000, men desse er ikkje utbetalt enda og slik ikkje regnskapsført. Vi vil regnskapsføre alle utgifter i prosjektet i tråd med kommunal regnskapsføring og be om utbetaling frå dykkar bevilgning til oss etterkvart som utgifter er påløpt i eit visst omfang. Vi ber om at dykkar bevilgning står ved lag i prosjektperioden.
Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)	<ul style="list-style-type: none"> a) <input checked="" type="checkbox"/> Stabilisere eller øke befolkningen b) <input checked="" type="checkbox"/> Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) <input checked="" type="checkbox"/> Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer d) <input checked="" type="checkbox"/> Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) <input checked="" type="checkbox"/> Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) <input checked="" type="checkbox"/> Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) <input checked="" type="checkbox"/> Styrke regionale sentra h) <input checked="" type="checkbox"/> Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? i) <input checked="" type="checkbox"/> Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	Tingvoll kommune ber om at vi får forlengje prosjektperioden med eit år i forhold til det som var planlagt. Dette skjer innan eksisterande tildelte økonomiske ramme. Det betyr også at prosjektet no er under oppstart og ikkje avslutning. Vidareføring av arbeidet når prosjektet er avslutta er knytta til følgjande element – ”institusjonalisering” : <ul style="list-style-type: none"> - Ungdomssatsing forankra i kommuneplanen - Auke i antall nyetableringar i næringslivet. - Tingvoll vidaregåandes skole har fått styrka sitt rekrutteringsgrunnlag og er ein nyskapande skole i fylket.

	<ul style="list-style-type: none">- Tingvoll økopark er etablert og vil vidareutvikle kunnskapsmiljøet i kommunen.- Bittelitteraturhuset er institusjonalisert som ein felles sosial og fagleg arena i lokalsamfunnet.
--	---